



DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 63

(2000-2001)

---

## Om lov om endring i tvistemålslova (trygd for sakskostnader)

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 6. april 2001,  
godkjend i statsråd same dagen.*

## **1 Innleiing**

Etter lov 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål (tvistemålsloven) § 182 fyrste leddet skal ein saksøkjjar som ikkje bur i riket stille trygd for dei sakskostnader som han kan bli pålagd å betale, dersom saksøkte krev dette. Plikta til å stille trygd gjeld ikkje for saksøkjarar som bur eller er etablert innanfor EØS-området dersom tvistegjenstanden fell innanfor området til EØS-avtalen. I proposisjonen her gjer departementet framlegg om at § 182 skal endrast slik at dette kjem klårare fram.

## 2 Bakgrunnen for lovframlegget

Bakgrunnen for framlegget er at EFTA Surveillance Authority (ESA) ved flere høve, seinast ved brev 10. desember 1999, har gjeve uttrykk for at tvistemålslova § 182 ikkje fullt ut er i samsvar med dei pliktene Noreg har teke på seg gjennom EØS-avtalen.

Justisdepartementet utarbeidde etter dette eit høyringsnotat der det vart gjort framlegg om å endre føresegna. Framlegget blei 17. august 2000 sendt til desse høyringsinstansane:

- Departementa
- Høgsterett
- Lagmannsrettane
- Oslo byrett
- Bergen byrett
- Stavanger byrett
- Kristiansand byrett
- Halden sorenskriverembete
- Skien og Porsgrunn byrett
- Vinger og Odal sorenskriverembete
- Den norske Dommerforening
- Den Norske Advokatforening
- Næringslivets Hovedorganisasjon
- Landsorganisasjonen i Norge
- Forbrukerombudet
- Forbrukerrådet
- Finansnæringens Hovedorganisasjon
- Sparebankforeningen
- Tvistemålsutvalet

Høyringsfristen var 1. november 2000. Desse har svart:

- Arbeids- og administrasjonsdepartementet
- Barne- og familiedepartementet
- Finansdepartementet
- Fiskeridepartementet
- Forsvarsdepartementet
- Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet
- Kommunal- og regionaldepartementet
- Landbruksdepartementet
- Miljøverndepartementet
- Nærings- og handelsdepartementet
- Olje- og energidepartementet
- Samferdsledepartementet
- Sosial- og helsedepartementet
- Utanriksdepartementet
- Høgsterett
- Kristiansand byrett
- Skien og Porsgrunn byrett
- Sorenskrivaren i Halden
- Den Norske Advokatforening

- Finansnæringens Hovedorganisasjon
- Forbrukerrådet
- Landsorganisasjonen i Norge
- Næringslivets Hovedorganisasjon

Departementet har i tillegg motteke eit innspel frå advokat Trygve Udem.

### 3 Nærare om framlegget

Tvistemålslova § 182 første leddet lyd:

«En saksøker, som ikke bor i riket, pligter paa saksøktens forlangende at stille saadan sikkerhet, som retten fastsætter ved kjendelse, for de saksomkostninger, som maatte bli ham ilagt.»

Føresegna er generelt skriven, og omfattar tilsynelatande alle saksøklarar som ikkje bur i riket, òg saksøklarar frå EØS-området. Men det følgjer av tvistemålslova § 182 femte leddet - og av den generelle føresegna i § 36 a - at unnatak frå plikta til å stille trygd kan følgje av avtale med framand stat. Ein slik avtale er EØS-avtalen.

Etter EØS-avtalen artikkel 4 er all forskjellsbehandling på grunnlag av nasjonalitet forbode, med mindre den har saklege grunner for seg - det såkalla ikkje-diskrimineringsprinsippet. Forbodet omfattar etter sikker rett både direkte og indirekte forskjellsbehandling, jf. Sejersted m.fl.: EØS-rett (Oslo 1995) s. 215 med vidare tilvisingar. Det er derfor ikkje avgjerande om forskjellsbehandlinga ope byggjer på nasjonalitet.

Tvistemålslova § 182 fyrste leddet skil ikkje mellom norske og utanlandske statsborgarar, men etter om saksøkjaren bur i riket eller ikkje. I *høyringsnotatet* vart det gjeve uttrykk for at føresegna i praksis vil gjere det meir byrdefullt for utanlandske saksøklarar å ta ut søksmål i Noreg, enn det er for norske saksøklarar. Det blei derfor lagt til grunn at føresegna i første leddet må tolkast innskrenkande så langt det fylgjer av EØS-avtalen artikkel 4, jf. tvistemålslova § 182 femte leddet. For at dette skal komme klarere fram i lovteksten, foreslo departementet følgjande endring i § 182 fyrste leddet andre punktu-  
met:

«Sikkerhet kan likevel ikke kreves i forliksrådet, ved motsøksmål, i vekselsaker, i *ekteskapsaker* eller av en saksøker som er bosatt eller etablert i en EØS-stat såfremt tvistegjenstanden faller innenfor EØS-avtalens virkeområde.»

Fleirtalet av dei høyringsinstansane som uttalar seg om realiteten i framlegget, er positive. *Kristiansand byrett, Skien og Porsgrunn byretteg sorenskrivaren i Haldengjev* uttrykk for at fråsegna bør endrast i samsvar med departementet sitt framlegg.

Berre *Næringslivets Hovedorganisasjon* går imot framlegget, og viser til at det er tvilsamt om tvistemålslova § 182 fyrste leddet er i strid med EØS-avtalen artikkel 4. Dei viser i den samanheng til avgjersler frå Borgarting lagmannsrett (LB-1997-00001 og RG 2000 s. 1214) og frå EF-domstolen (sakene C-323/95 (Kronenberger) og C-122/96 (Hiross)). NHO viser serleg til følgjande sitat frå lagmannsretten sin dom frå 1997, som dei sluttar seg til:

«Som utgangspunkt må norske domstoler anvende de sivile prosessregler slik at de er forenlige med landets traktatforpliktelser. I dette tilfellet ser lagmannsretten det altså slik at det er spørsmål om å sette regelen i tvistemålsloven § 182 første ledd til side på grunn av motstrid med EØS-avtalens artikkel 4. Det må da kreves at det fremstår som til-

strekkelig klart at et pålegg om sikkerhetsstillelse vil være i strid med artikkel 4, sml avgjørelsen i Rt 1994 610, særlig s 616 flg., som riktig nok gjaldt forholdet mellom prosessreglene på strafferettens område og bestemmelser i Den europeiske menneskerettighetskonvensjon og i FN-konvensjonen. Lagmannsretten kan ikke se at det er klart at et pålegg om å stille sikkerhet i forbindelse med ENI's saksanlegg vil være i strid med EØS-avtalens artikkel 4.

Vilkåret om bosted i tvistemålsloven § 182 vil kunne ramme nordmenn bosatt i utlandet. Omvendt vil det etter bestemmelsen ikke være adgang til å gi pålegg om sikkerhetsstillelse overfor utlendinger som er bosatt i Norge. Slik sett innebærer ikke bestemmelsen noen diskriminering av utlendinger. [...]

Ved praktiseringen av tvistemålsloven § 182 vil det reelt sett være slik at det bare i de mer sjeldne tilfeller er aktuelt å pålegge nordmenn eller norske selskaper å stille sikkerhet for saksomkostninger. En kan derfor si at anvendelsen av bestemmelsen, sett over tid, gir et bilde som viser en form for - indirekte - diskriminering. Det kan ikke være avgjørende. Her er det tale om en nasjonal sivilprosessuell regel hvis sentrale formål går ut på å sikre saksøktes interesse i å kunne bli holdt skadesløs ved saksanlegg som det viser seg at ikke fører fram. Det ligger etter lagmannsrettens syn ikke noen form for diskriminerende element i et slikt formål, og formålet er aktverdigg.»

*NHO*uttaler videre:

«Spørsmålet om dekning av saksomkostninger etter tvistemålsloven § 182 har blitt mer aktuelt de siste årene, en utvikling som antas å ville øke på grunn av økt internasjonalisering. En ser også en tendens til at saksanlegg benyttes taktisk i enkelte kretser, som et pressmiddel for å tvinge gjennom en løsning. For en person bosatt i Norge - enten det er snakk om en norsk eller utenlandsk statsborger - kan det få alvorlige konsekvenser å bli saksøkt av en person eller et selskap hjemmehørende i utlandet. Selv om saksanlegget viser seg grunnløst, og saksøkte blir frifunnet og får dom på saksomkostningene, kan det bli svært kostbart for den saksøkte å vinne frem idet inndrivelse av pengekrav over landegrensene viser seg å være til dels svært vanskelig.»

På bakgrunn av at spørsmålet rettsleg sett er tvilsomt, og samtidig er av stor betydning for norske saksøkte, tilrår *NHO* at lova ikkje vert endra før spørsmålet er endelig løyst - anten av Høgsterett eller på annan måte.

D e p a r t e m e n t e t kan ikkje utan vidare slutte seg til dei synspunkta *NHO* har gjeve uttrykk for, mellom anna fordi dei avgjerslene frå EF-domstolen det blir vist til - og som ein av dei nemnde avgjerslene frå lagmannsretten byggjer på - gjeld føresegner om trygding som *direkteskilte* mellom innlandske og utanlandske saksøkjara. At slike føresegner vart funne i strid med ikkje-diskrimineringsprinsippet, gjev ikkje noko sikkert grunnlag for slutningar når det gjeld føresegner som skil meir *indirekte*.

Når det gjeld omsynet til dei som vert saksøkt i Noreg, visar departementet til at det i mange høve vil være gunstig om saksøkjaren lyt stille trygd. Eit slikt krav vil kunne gjere det meir byrdefullt å gå til sak, og saksøkte risikerer då ikkje å sitte med eit krav på skadebot for saksomkostnader som er vanskeleg eller umogeleg å drive inn. I og med at alle medlemstatane i EØS har ratifisert Luganokonvensjonen om domsmynde og fullbyrding av dommar i sivile og kommersielle saker, kan saksøkte drive inn sitt krav på saksomkostnader frå ein

saksøker innan EØS-området ved hjelp av denne konvensjonen. Sjølv om det skulle vise seg Norge har høve til å krevje trygd frå saksøklarar som er busett eller etablert utanfor Noreg, men innanfor EØS-området, er behovet for å oppretthalde ein slik regel ikkje særleg stort. Tvistemålsutvalet vil som eit ledd i sitt arbeid vurdere om det i somme høve bør kunne stillast krav om trygd for sakskostnader. Departementet kan derfor ikkje - uansett korleis ein vurderer rekkevidda av EØS-avtalen artikkel 4 - sjå at behovet for å oppretthalde tvistemålslova § 182 fyrste leddet er stort nok til ikkje å følgje opp dei sterke signala som har kome frå ESA.

#### **4 Økonomiske og administrative verknader**

Framlegget inneber slik departementet ser det berre ei klårgjering av gjeldande rett, og vil derfor ikkje føre med seg økonomiske og administrative verknader av noko omfang.



## 5 Merknader til føresegna

Framlegget gjer det klart at ein ikkje kan krevje trygd i saker som fell innanfor EØS-avtalen sitt verkeområde. Dette inneber inga endring av gjeldande rett, jf. tvistemålslova § 182 femte ledd.

Gjeld søksmålet eit spørsmål utan samanheng med EØS-avtalen, gjeld hovudregelen i tvistemålslova § 182 fyrste leddet fyrste punktumet fullt ut, om ikkje anna følgjer av avtale med framand stat, jf. femte ledd. Ei anna sak er at jamvel spørsmål som ikkje direkte høyrer under EØS-avtalen, kan ha ein så nær samanheng med dei spørsmål avtalen gjeld, at ikkje-diskrimineringsprinsippet i EØS-avtalen artikkel 4 - og dermed det føreslegne unntaket i tvistemålslova § 182 fyrste leddet tredje punktumet - vil gjelde. Praksis frå EF-domstolen vil her gje rettleiing, jf. EØS-avtalen artikkel 6.

Lovframlegget er skriva noko annleis enn i høyringsbrevet, idet lova ikkje lenger viser til «en saksøker som er bosatt eller etablert i en EØS-stat». Det nye framlegget markerer klårare at det avheng av EØS-retten om partane si tilknytning til EØS-området er av ein slik karakter at EØS-avtalen gjeld.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endring i tvistemålslova (trygd for sakskostnader).

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endring i tvistemålslova (trygd for sakskostnader) i samsvar med eit vedlagt forslag.

## **Forslag til lov om endring i tvistemålslova (trygd for sakskostnader)**

### I

I lov 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål (tvistemålsloven) vert det gjort følgjande endring:

§ 182 fyrste leddet nytt tredje punktum skal lyde:

*Sikkerhet kan heller ikke kreves hvis tvistegjenstanden faller innenfor EØS-avtalens virkeområde.*

### II

Denne lova trer i kraft straks.

